

Fra: Marit Jacobsen (Marit@husflid.no)

Sendt: 02.10.2014 13:21:12

Til: Kultur- og idrettsavdelinga - Postmottak; Anna Elisa Tryti

Kopi: Hege-Therese Nilsen; 'Brita Bjarøy Hekland'

Emne: Møte om utfordringar og samarbeid innan immateriell kultur, tekstil kultrarv og næringsutvikling i Hordaland

Vedlegg: image001.png;Regional kulturplan Hordaland 2015-2025. Høyringsvar frå Norges Husflidslag..pdf

Til

Fylkeskultursjef Anna Elisa Tryti

Vi ynskjer å ha eit møte med deg for å diskutere samarbeid med fylkeskommunen om immateriell kulturarv og kulturnæring knytt til område som bunad, ull, mm. Det er eit stort potensial for å synleggjere den rike tekstile kulturarven i fylke betre, intensivere og utvikle formidlinga retta særleg mot barn og unge, og å utvikle næringa.

Vi har eit apparat der dei frivillige og våre fagkonsulenter utfyller kvarandre på ein god måte. Det gode samarbeid knytt opp mot ein fagleg sterk organisasjon som Norges Husflidslag og våre samarbeidspartar innan kulturvern, opplæring og næring, har resultert i mange gode tiltak. Det er med å gi daglege små «løft» for dei lokale eldsjelene rundt om i fylket. Dette apparatet i Hordaland er no under sterkt press då tilskotet til konsulenten sitt arbeid har falle bort.

Vi ynskjer å snakke med deg om korleis vi kan få løfta merksemda om dette arbeidet og få til eit samarbeid med fylkeskommunen som og inneber eit økonomisk medverknad. Norges Husflidslag har stor tillit som eit nasjonal fagorgan for ivaretaking og formidling av immateriell kulturarv i Norge. Vi er ein av berre tre NGO ar i Noreg som er akkreditert av UNESCO innanfor det immaterielle kulturfeltet. Vi får årleg støtte frå Norsk kulturråd til delfinansiering av eit regionalt fagapparat. Støtta er ikkje nok til å oppretthalde den staben vi har i dag, og ein fylkeskommunal medfinansiering er difor særstakt viktig.

På møtet vil leiar i Hordaland Husflidslag Brita Hekland og kultur- og næringskonsulenten vår i Hordaland, Hege Therese Nilsen delta saman med meg.

Eg legg også ved høyringa vår på Kulturplan 2015-2025.

Vennlig hilsen

Norges Husflidslag

Marit Jacobsen

Direktør

Øvre Slottsgate 2B

0157 Oslo

+47 22 00 87 00/915 80 781

marit@husflid.no

www.husflid.no

